



Alver kommune
Att: Lennart Falkenberg-Arell
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Alver kommune Vestland - Uttale til søknad om mindre planendring etter forenkla prosess jf. Pbl. § 12-14 for Eidsnes næringsområde

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 25.11.2020 om mindre planendring etter forenkla prosess for Eidsnes næringsområde.

Fiskeridirektoratet region Vest gav uttale til den opprinnlege reguleringsplanen i brev datert 27.09.2012 og 18.12.2012. Då hadde vi merknadar knytt til gytetfeltet i Osterfjorden, og bad om at særleg forstyrrende arbeid vart lagt utanom gytetida til torsken. Det er teke omsyn til dette i føresegnene § 1.18 *Anleggsarbeid*.

Det vert no søkt om mindre planendring for å utvide kaiarealet innanfor f-H2 og f-H3 (no f-SHA2 og f-SHA3) og flytte kaifronten lenger ut i sjø. Dette er for å få betre djupneforhold og å redusere terrenginngrep i sjøbotn. Ny avgrensing vil vere innanfor eksisterande planområde, men arealformålet *f-HS Hamneområde i sjø* vert redusert i omfang.

Uttale frå Fiskeridirektoratet region Vest

Det framgår ikkje korleis det utvida kaiarealet skal etablerast. Dersom det skal fyllast ut masser i sjø i samband med etablering av kai, bør det stillast krav i føresegnene om at dette skal skje utanom gytetida til torsken, og i tillegg utanom den påfølgande oppvekstida for torskeyngelen. Dette betyr at utfylling av masser må skje utanom perioden frå januar til og med juni. Vi ber også om at Fiskeridirektoratet region Vest vert høyrte i eventuell søknad om tiltak i sjø.

Vi ber om kopi av vedtak i saka.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ina Gull Solheim
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Alver kommune

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Kopi til:

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3

5003 BERGEN

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Kystverket

Postboks 1502

6025 ÅLESUND

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

